

MEFISTOFELFS

Visst ser eg det. Men tru mitt ord:  
Det hovud Persevs hogde av i harmen,  
det ber ho tidvis under armen.  
Du ser jo skrømt ved høgllys dag! –  
Opp her, så blir det anna slag!  
Her går det for seg som i Prater!  
Og er det ikkje synsbedrag,  
ser eg granngiveleg teater!  
Kva spelar dei?

SERVILLUS

Eit strykke til behag,  
det sjuande av nye variantar.  
Vi har for skitk å gje til siste slant.  
Aktørane er dilettantar,  
og dikteren er dilettant.  
Orsak, men her må eg forsvinne,  
eg dileterer å få tepet opp.

MEFISTOFELFS

Så flott at truppen er å finne  
blant Blokkbergs amatørar! Det er topp!

Walpurgisnattsdrøm

eller

Oberons og Tiranias gullbryllaup

*Intermezzo*

SCENEMEISTER

Endeleg ein roleg kveld  
for oss i snekkerfaget:  
Doggvåt dal og gammalt fjell  
er scenerom for laget!

HEROLD

Gullbryllaup med pomp og prakt,  
halvhundre år å hylle.  
Er alt kiv tilbaketlagt?  
Det vil eg forfylle!

OBERON

Ånder! Dans i kratt og snar,  
her er de ettertrakta!  
Kongen og hans dronning har  
fornya ektepakta.

PUCK

Her kjem Puck med lette hopp  
og dansar fram på tiler.  
Hundre andre følger opp,  
i natt må alle smile!

ARIEL

Ariel held tonen rein,  
det kling som sølv og skimmer;  
lokkar både kjerringbein  
og fagre fruentimmer.

OBERON

Ektefolk som vil ha fred,  
her er litt å lære:  
Om kjærleiken skal vare ved,  
så skilst i tukt og ærel

TITANIA

Masar ho og furtar han,  
da er det lurt å sende  
langt mot nord den ektemann,  
og så til Syden henne!

FULLT ORKESTER

*Forissimo.*

Fluekjert og myggenos  
med barnebarn og tanter,  
grashoppe og frosk i mos,  
er dagens musikanteri!

SOLO

Høyr, ein sekkepipelåt  
i såpeboble-strasen.  
Snikk og snakk og gru og gråt  
frå oppstopparnasen!

ÅND I FERD MED Å BIL TIL

Spindelfor og paddelhart,  
eit vengepar i siktel  
Ikkje insekt, akkurat,  
men kanskje dette diktet.

ETT LITE PAR

Høge sprett og ørsmå steg,  
i reine honningduftal  
Trippar lett og fort i veg,  
men aldri opp i lufta.

NYSSGJERRIG FERDAMANN

Er det maskerade, mon?  
Eller ser eg syner?  
Kan det vere Oberon?  
Det glimer og det lyneri!

EIN RETT-TRUANDE

Ingen hale, ingen klør!  
Men eg veit nok om slike:  
Som alle greske gudar før,  
er han av djevleriket!

NORDISK KUNSTNAR

Med skisseblokk eg går på tur,  
og grip ein filk av verda.  
Men det er like før eg smur:  
eg planlegg Italia-ferda.

#### EIN PURIST

Ved eit uhell er eg her  
blant uforskamma ludderi!  
Av heile hekseflokken er  
det *to* som brukar pudderi!

#### EI UNG HEKS

La gamla pudre skrucket kinn,  
og skjørret dekke baken.  
Sjølvi rid eg getrebukken min,  
aldeles splitter naken!

#### MATRONE

Vi er for fine til å klå,  
som svar på kjeframmentet.  
Men gjev du rotna her og nå,  
som ung og lekker jentel!

#### KAPPELLMEISTER

Fluekjøft og myggenos  
hald opp med heksejaktral!  
Grashoppe og frosk i mos,  
forsøk å halde taktral!

#### VERHANE

*svingar til eine sida.*  
Så heldig! Jomfruer i fleng,  
i gifteferdig alder!  
Og beparsveinar, for ein gieng!  
Her blir det nok rabalder!

#### VERHANE

*svingar til andre sida.*  
Om ikkje jorda let seg opp  
og sluker heile banden,  
gjer eg eit hending lite hopp  
direkte ned til fandan.

#### XENIER

Som insekt med små, kvasse klør  
vi flyg og flaksar verre,  
og hyller, som seg hør og bør,  
Satan, vår eigen herre.

#### VON HENNINGS

Nei, høyr på dette surret, du!  
Ein sverm av ellevillle!  
Snart vil dei vel gå rundt og tru  
at dei var svært så snille.

#### MUSAGER

Eg let meg gjerne rive med  
av heile dette røret.  
Forføre hekser? Heller det  
enn musar ni å føre.

#### EX-TIDSÅND

Grip tak i meg, så får du plass  
blant folk på topp-nivået!  
For Bloksberg, som det tyske Parnass,  
har breidde over platået.

NYSSGJERRIG FERDAMANN

Kven er det der? Kva heiter han?  
Så stiv og strunk han skrittår.  
Han fer og snusar best han kan. –  
«Han jagar Jesuittar.»

TRANE

Eg fiskar i den klåre bekk  
men helst i sølepyttar.  
Den fromme vankar villig vekke  
blant djevlar, om det nyttar.

VERDENSMANN

Ja, for ein from og nidkjær mann  
er allting eit vehikkel.  
Sjølvs her på Bloksberg grunnlegg han  
så mang ein konventikkel.

DANSAR

Kva høyrer eg? Eit kor igjen?  
Der trommar dei for livet. –  
«Det er ein hegreflokk, min venn,  
som stemmer opp i sivet.»

DANSEMEISTER

Nei, for eit syn! Med hopp og sprett  
dei dansar ut av ringen!  
Den eine tung, den andre lett;  
om det er pent, spør ingen.

SPELEMANN

Og hatet er så svart som natt,  
dei er kje til å styre!  
Men sekkepipa held dei att,  
som eingong Orfevs' lyre.

DOGMATIKAR

Eg let meg ikkje føre vill  
av folk som protesterer.  
For Djevelen må vere til,  
når djevlar eksisterer!

IDEALIST

Eg overgår meg sjølv idag,  
det myldrar i mitt indre.  
Er eg alt dette – lag på lag?  
Ein kan bli sprø av mindrei!

REALIST

Eit uvesen av verste sort!  
Eit oppstyr utan likel!  
Det er som alt er reint forgiort,  
eg kjenner grunnen vilke.

SUPERNATURALIST

Ei utsøkt glede er det meg  
å vere med på dette.  
Av djvelskapen sluttar eg  
at det finst gode vette.

#### SKEPTIKAR

Dei følger falske bluss, og trur  
at snart blir skatten funnen.  
Men eg er skeptisk av natur,  
så her er rette grunnen.

#### KAPPELMEISTER

Grashoppe og frosk i mos,  
fordømte dilettantari!  
Fluekjefte og myggenos,  
de er da musikantari!

#### DEI SPRETNE

Namnet vårt er Sanssouci,  
ein munter flokk geseller.  
Gå til fors? Nei, ikkje vi:  
Vi går på hovudet heller.

#### DEI KLOSSETTE

Vi har da sett betre dagar, gud veit  
kva godbitar dei gav oss!  
Nå går vi bertøtte, reint i beit:  
Vi har dansa skorne av oss.

#### LYKTEMENN

Hit kom vi til leik og dans,  
frå sump og mørke myrar.  
Men sjå oss nå i all vår glans,  
her er vi flotte fyrari!

#### STJERNESKOT

Gjennom rømda styrta eg,  
ein liten flammeklore.  
Ligg her flat og ynkeleg:  
Kven får meg vel på føte?

#### TUNGVEKTARAR

Gje plass! Gje plass! Slepp oss forbi!  
Sjå graset der vi trampari!  
Vi ånder kjem, men også vi  
kan vere svære slampari!

#### PUCK

Labbe rundt på dette vis,  
lik baby-elefantari!  
Tjukke Puck tar første pris  
blant plumpe variantari!

#### ARIEL

Ånd og allnaturen har  
signa dykk med venger.  
Følg i mine fotefar:  
Kom til blomengeri!

#### ORKESTER

##### *Pianissimo.*

Over sky og tåkleslør  
ligg eit rosa skimmer.  
Luft i lauv og vind i rør –  
og alt glid bort i flimmer.

## Gråvêrsdag. Open mark

*Faust • Mefistofeles*

FAUST

Stakkars henne! Så fortrivla! Først ynkeleg villført på jord både lenge og vel, og så tatt til fangel! Sperra inne som barnemor-dar, forterdeleg pint og plaga, den ljuve, usæle skapning! Så langt har det altså kome! – Svikefulle, uverdige ånd, og dette har du halde henneleg for meg! Berre stå der og rull med dei djevelske augo, i fullt raseri! Berre stå der i trass, du! Så ufordrageleg som du er! – I fengsel! I yttaste nød! Uboreleg einsam! Utsert for vonde ånder og menneske utan miskunn, som berre fordømmer! – Og meg lullar du inn i tåpeleg tidtrøyte, teier om all denne jammer og let henne hjelpelaust gå til grunne!

MEFISTOFELLES

Ho er ikkje den første!

FAUST

Din hund! Ditt avskylege udyr! – Omskap han, evige ånd, omskap dette krekete til hund igjen, i den skapnad han likte å luske framfor meg natters tid, logre rundt foren på harmlaus vandringsmann, og hoppe opp på ryggen til den som fall! La han få tilbake den forn han helst vil ha, la han krype på buken i sanden framfor meg, så eg kan trø han under fot, den stryggen! – «Ikkje den første!» – Jammer! Jammer! Ikkje til å farte for ei menneskesjell! Berre tanken på at meir enn *ein* skapning har sokke ned i dette hav av lidning, at ikkje den første sona skulda for alle dei andre, der ho vreid seg i dødsens

pine for augo på den evig tilgjevande Gud! Det som denne eine laut bere av lidning, går meg gjennom merg og bein, og du berre flirer kaldt av tusentals liv og lagnad!

MEFISTOFELLES

Nå veit vi visst ikkje vår arme råd! Vi er komne til det punkt der vert og forstand melder pass. Kvifor gjev du deg i lag med oss, når du ikkje heng på til siste slutt? Du vil flyge, men kjenner deg aldri så lite svimmel? Var det vi som trengde oss på deg, eller du på oss?

FAUST

Kom ikkje her og flekk tenner mot meg, så glupsk! Det byr meg imot! – Å, store, herlige ånd, som unte meg synet av deg, som kjenner meg ut og inn i sjel og sinn, kvifor lenka du meg til denne elendige fyren, som meskar seg på andres ulykke og leskar strupen på deira undergang?

MEFISTOFELLES

Er du ferdig?

FAUST

Nåde deg om du ikkje frir henne ut! Må den verste forbanning kvile over deg i titusen år!

MEFISTOFELLES

Eg kan ikkje løyse ein hennars lenker, og ikkje opne hans lås og slå! – Fri henne ut! – Kven var det som førte henne ut i forderving? Eg eller du?

FAUST

*ser seg vitl omkring.*

MEFISTOFELLES

Du vil trive til lyn og torden? Takk og lov at ikkje de arme dødelege held det i hand! Å knuse ein skuldlaus som vågar å ta til motmæle, det er tyrannars vis; berre slik får dei utløp for harme i ei knipe.

FAUST

Før meg til henne! Fri henne ut!

MEFISTOFELLES

Og kva med den fare du utset deg for? Har du gløymt at di hand la blodskuld over byen? Over grava til han du drap svevar hemnande ånder som berre ventar på at mordaren skal vende tilbake.

FAUST

Og dét seier du? Måtte all verdens drap og død komme over deg, ditt ubyre! Før meg til henne, har eg sagt, og set henne fri!

MEFISTOFELLES

Eg skal føre deg dit, og høyr så kva eg kan gjere! Har eg all makt i himmel og på jord? Fangevaktaren gjer eg aldeles omtåka, *du* tar nøkkelen og leier henne ut med di eiga menneskehand! Eg held vakt! Mine trollhestar står parat, eg fører dykk bort, begge to. *Dét* maktar eg.

FAUST

Kom, la oss dra!

## Natt. Open mark

*Faust og Mefistofelers kjem susande på svarte bestar.*

FAUST

Kva er det for oppstyr på Galgeberg?

MEFISTOFELLES

Eg veit ikkje kva dei kokar og brasar.

FAUST

Svevar opp, svevar ned, bøyer rygg, rører brygg.

MEFISTOFELLES

Eit hekselag!

FAUST

Dei strør og dei vigslar.

MEFISTOFELLES

Forbi! Forbi!

## Fengsel

FAUST  
*med ein nøkleknippe og ei lykt, framfor ei lita jerndør.*

Eg held meg lenge unna lidning,  
nå skjeltv eg for all livsens gru og gråt.  
Her sit ho attom murar, som ein niding,  
og falske kjærteiks-håp var hennar brott!  
Kva held deg tilbake? Du tvikar?  
Du tør ikkje sjå ho, din svikar?  
Skund deg! Elles kjem døden føreåt!

*Han grip låsen. Margarete syng der inne:*

Og mor mi, den hora,  
tok livet av meg!  
Og far min, den farken,  
fortærte meg!  
Og søster mi la  
ein haug med bein  
til kvile under stein.  
Da vart eg den fagre fuglen på grein.  
Flyg av stadt! Flyg av stadt!

FAUST  
Det klirrar i lenker, det knest i strå;  
ho anar ikkje at eg høyret på.  
*Han går inn.*

MARGARETE  
*Gøymer andletet i sjengebalmen.*  
Å Gud! Nå kjem dei! Bitre dødi!

FAUST  
*kvikern.*  
Hysj! Hysj! Eg kjem og løyser di letke.

MARGARETE  
*kjenn krypande fram.*  
Er du eit menneske, så sjå mi nødi!

FAUST  
Du ropar; er det vakta du vil vekke?  
*Han grip lekkene og låser dei opp.*

MARGARETE  
*på kne.*  
Kven la min lagnad i di hand?  
Er det lovleg gjeve?  
Du kjem ved midnart, Meistermann?  
Ver miskunnsam og la meg leve!  
Det er vel tids nok ved morgongry?  
Ennå er eg så ung og ny!  
Og døy alt nå?  
Ven var eg òg, det har eg brent meg på!  
Min venn var ganske nær ei lita stund.  
Og kransen ligg der, dei har rive han sund.  
Du må ikkje ta så hardt i meg!  
Spar meg! Kva vondt har eg gjort deg?  
Fattar du kva eg må lide?  
Deg har eg aldri sett i verda den vide!



FAUST  
Kan eg stå ut med denne kvide?

MARGARETE  
Nå har du meg, det står deg fritt.  
La barnet først få die hjå meg!  
I heile natt eg byssa blidt.  
Dei vil meg vondt, dei tok det frå meg,  
og seier eg har drepe barnet mitt.  
Og aldri meir kan eg bli glad.  
Dei lagar viser om meg! Så slemme folk kan vere!  
Slik endar mangt eit gammalt kvad,  
*må får dei lære!*

FAUST  
*kastar seg for føtene hennar.*  
Her ligg eg for føtene dine,  
og frir deg ut frå jern og pine.

MARGARETE  
*kastar seg ned ved sida av han.*  
Vi må knele og påkalle heilagmenne!  
Sjå! Det byrjar å brenne!  
Der under trammen  
stig helheims-flammen!  
Det freser!  
Og Himmannen balar,  
pustar og peser!

FAUST  
*bøgt.*  
Gretchen! Gretchen!

MARGARETE  
*spiser øyro.*  
Det er min venn som talar!  
*Ho sprett opp. Løkkene fell av.*  
Kvar er han? Han kalla meg ved namn!  
Eg er fri! Vil rett i hans fann,  
og der vil eg ligge lengel!  
Han ropar: Gretchen! Han stod på trammen!  
Gjennom den knitrande, ylende flammen,  
gjennom all denne djevelske spott,  
eg høyrde den røysta eg kjenner så godt.

FAUST  
Det er meg!

MARGARETE  
Det er deg! Å, sei det om igjen!  
*Tår i han.*

Alt vondt er vekkt! Det er min venn! Min venn!  
Nå er eg roleg; alt skal eg tole!  
Du bergar meg frå bålet!  
Og fangeholet! –  
Eg ser det for meg, tydeleg,  
først gata der vi møttest, du og eg,  
og den herlege hagen  
der eg og Marthe venta den dagen.

FAUST  
*prøver å få henne med seg.*  
Kom! Kom!

MARGARETE  
Nei, ikkje gå bort!  
Der du rastar, vil eg òg rastе. *Kjærveikenar han.*

FAUST

Fort!  
Det byrjar å haste!  
Snart kan det stå oss dyrt å børe.

MARGARETE

Du kjem meg ikkje i møte?  
Du gløymmer jo å kysse, venn,  
når du er her igjen!  
Kvifor er eg så skjelven her ved ditt bryst?  
Og eg som alltid såg ein himmel dale  
ned over meg, slik som du har kyst  
og dåra meg med ditt heire blikk og din tale!  
Kys meg!  
Elles kysser eg deg!

*Ho omfammar han.*

Å! Så stumme lipper, kalde  
som is!

Eg treng din nærleik,  
treng kjærleik!

Alt kvarv, på eit vis.

*Ho vender seg frå han.*

FAUST

Kom! Kjære, ver rapper! Bli med meg!  
Med tusen kjærtekn skal eg famne deg.  
Kom, berre! Det er alt eg bed deg om!

MARGARETE

*vendt mot han.*

Så var det verkeleg min venn som kom?

FAUST

Ja visst!

4481-4501

230

MARGARETE

Du løyser lekke, let opp dør,  
og tar meg i din fann som før.  
Tenk, at eg ikkje byr min venn imot! –  
Du veit vel kven du set på frian for?

FAUST

Kom! Kom! Nå svin den djupe natt.

MARGARETE

Eg har drepe mor, har ingen att.  
Eg drukna barnet mitt!  
Var ikkje barnet også ditt?  
Men er det deg? Er dette sant?  
Eg drøymmer visst! Gje meg di hand!  
Di kjære hand! – Men å! så våt ho er!  
Det ser ut som blod! Sjå der!  
Få det bort!  
Å Gud, kva har du vel gjort?  
Best om kården er gøymt!  
Eg tryglar deg!

FAUST

La nå alt som er skjedd vere gløymt!  
Du tynar meg!

MARGARETE

Nei, du må bli tilbake!  
Ved gravene må du vake,  
og plante små blomar  
i sumar:  
Den finaste plassen skal mor ha,  
og ved sida av henne min bror, da.  
Ikkje for langt å gå,

4502-4526

231

men eit stykke frå,  
legg du meg med barnet ved høgre bryst!  
Hjå meg ligg det ingen andre! –  
Før låg vi tett inntil kvarandre,  
da var eg inderleg glad og søll!  
Nå er eg ikkje lykkeleg lenger,  
der er som eit eller anna strengert,  
som om du ikkje ville meg vel.  
Og enda er det deg, så snill og from.

FAUST

Viss du er trygg på det, så kom!

MARGARETE

Stikke av?

FAUST

Til friedom!

MARGARETE

Ventar ei grav,

ligg døden på lur, så kom!  
Rett herifrå til den evige ro,  
og aldri meir eit steg! –

Å, Henrik, den som kunne følgje deg!

FAUST

Du kan, så sant du vill! Døra er open.

MARGARETE

Nei! Nei! Eg har nok ikkje meir å håpe.  
Og om eg flyktar, er dei etter meg!  
Så fælt å tigge seg til ein dalar,  
og attpåtil trygd av samvitskvalar!

Så fælt å vere heimlaus, flakke vidan –  
og dei finn meg før eller sidan!

FAUST

Eg blir her hjå deg!

MARGARETE

Nei, du må bort!  
Redde barnet ditt – fort!  
Ta snarvegen opp  
langs bekketfar,  
over ein klopp,  
inn i skog og snar,  
til venstre, ved gjerdet,  
nedi ein dam!  
Hent barnet fram!  
Det spreller ennå!  
Vil opp i luft!  
Frels det! Frels det!

FAUST

Nei, ta til fornuft!  
Eit lite steg, så er du fri!

MARGARETE

Ser du fjeller? Vi må forbi!  
Der oppe sit mor mi, sit på ein stein;  
eg frys i merg og bein.  
Så mutters aleine sit ho der nå,  
og hovudet vaggar til og frå.  
Men utan å blunke, med byrtung kropp.  
Ho sov og sov og står aldri meir opp –  
Ho sov medan vi låg saman!  
Ja, da var det frygd og gaman!

FAUST

Eg ser det hjelper ikkje biten –  
og ber deg ut i siste litren!

MARGARETE

Nei! Nei! Ikkje rør meg! Du tar så hardt!  
Slepp meg! Du kan ikkje rvinge meg!  
Eg som var med på alt av kjærleik til deg.

FAUST

Det dagast! Kjærel! Kjærel!

MARGARETE

Dag! Ja, det blir dag! Den sistel! Alt er for seint!  
Min bryllaupsdag var det meint å vere!  
Ikkje sei at du har sove hjå Gretchen!  
Den stakkars kransen!  
Det som er hendi, er hendi!  
Vi møtest att, berre vent –  
men ikkje i dansen.  
Av alt staket høyrer eg ingen ting.  
Og folkemassen  
fyller hele plassen.  
Der bryr dei staven, og klokka kling.  
Å Gud! Nå bind dei meg til blokken!  
Den blanke øksa skjelv og skin  
mot kvar og ein i flokken,  
når eggen søker nakne min.  
Verda ligg stum som ei grav!

FAUST

Å, gjev eg aldri var skapt!

MERISTOFELLES

*står i døra.*

Kom! Elles er du fortrapt!  
Maken til sommeli Dryger og drøser!  
Mine hesttar frøser,  
dei veit at sola renn.

MARGARETE

Kva stig opp av jordgolvet? Send  
han på dør! Han der!  
Her er helag grunn, kva vil han her?  
Vil ha meg!

FAUST

Du skal leve! Kom!

MARGARETE

Eg gjev meg over til Guds rettferdige dom!

MERISTOFELLES

*til Faust.*

Kom! Kom! Her endar det med død og grul!

MARGARETE

Min Gud og Fader, frels meg du!  
Å, englar! Å, helage skare!  
Ta meg under veng! Fri meg frå fare!  
Henrik! Eg skjelv for deg!

MERISTOFELLES

Ho er fordømd!

RØYST  
*ovannfrå.*  
Ho er forløystri!

MEERSTOFFELÆS  
*til Faust.*  
Følg meg!

RØYST  
*innannfrå, døyr bort.*  
Henrik! Henrik!

## Etterord

I Schwarzwald ligg ein liten landsby med det staselege namnet Staufen. På eit av dei gamle husa ved torget er det malt ein scene som byrt idyllen ganske ettertrykkeleg: Ein armings mann heng i klørne på Djevelen sjølv, og bort flyg dei, så kappeflaka flagrar. Under bildet står det med gotisk skrift:

«Her henta Djevelen sjela til Doktor Faustus, i det Herrens år 1539.»

Segn eller sanning – grensene er ikkje alltid sytskarpe. Men ein stad i mørket finst han, den historiske Faust, ein halvstudedert røver som slo seg fram med svartekunster og stjerneyding. Anekdotene florette, den eine meir fantastisk enn den andre. Dette stoffet er det som får sitt første litterære uttrykk i den såkalla Folkeboka om den legendariske Doktor Johann Faust, utgitt i Frankfurt i 1587. Og i første rekke dreier det seg om den pakt han inngår med Djevelen. Men det velkjente middelaldermoivet er alt her i feid med å endre premissar: Når renessanse-mennesket vil selje si sjel, er det ikkje for gull og grøne skogar, det er trong til kunnskap som får han til å sprengje grenser. Han vil vite alt! Ennå er han ein del av all-naturen og såleis i stand til å sanse, gjenkjenne lys og harmoniar, med eit slags kosmisk medvit.

Først i opplysningstida, to hundre år seinare, ser vi konturanane av eit konfliktfylt *Eg*, ei individuell sjel som tørstar etter sanning og svar på dei store spørsmål. Lessing er den første, store tyske dikteren som viser at nettopp lengten etter sanning er meir verdt enn sanninga sjølv. Så følgjer den tids ungdomsopprør, Sturm und Drang, da geniet vil trasse naturlovene og strige på Ikaros-vinger, opp og ut i grenselause rom. Det er nå dei første scenene av FAUST blir til, – URFAUST.

Det er grunn til å tru at Faust-stoffet hadde gått frå folke- boka og rett i gløymeboka for ettertida, om det ikkje hadde gjenoppstått nettopp i Frankfurt, mot slutten av 1700-talet. Den fjerde og siste folkeboka var trykt i 1725, og ein av dei mange som las denne utgåva, var den unge jusstudenten Johann Wolfgang. Elles kjende han stoffet frå barndommens marionette-teater. Og det skulle følgje han heile livet, gjen- nom seksiti skapande år.

Første del av tragedien kom i 1808, andre delen like etter hans død i 1832.

Goethes Faust står på terskelen til nytida, ein tyskar, ein europpear. Hundreåra har han samla opp som honning – til lagring og bruk når det trengst. Ein vandringssmann er han, mellom søyler, under kvelv, over bruer – og på gyngande grunn.

Men aldri går han til grunnei!

Det hovrnod, den hybrist, som i antikke tragediar fører til fall, driv ein moderne europpear til sjølvrealisering, til utvida medvit, handling og vekst. Når Faust viklar seg inn i eit nett av skuld, står hans diktar i kulissane og talar om «herlege mistak». Som moralsk vesen er han opplagt problematisk. Han blir indirekte medskuldig i tre drap, og han sviktar når det verkeleg gjeld.

Faust er ein fallen mann.

Men han blir aldri liggjande. Han reiser seg og går vidare. Han blir aldri eit nytt og betre menneske. Men han får stadig større innsikt. Han framstår aldri som angrende syndar. Men han vil forvandling, vokster, fullending.

«Individualitetens kjerne», skriv Goethe, «er energi, kraft, vilje».

Viljen er Fausts himmelrike, loddsnora er adelsmerket hans, ein innebygd retningsvisar som peikar oppover. Alt hans flakkande liv, all hans famling, er av det gode:

*Det gode menneske, i uklår dragnad,  
veit djupast inne om den rette veg.*

Slik formulerer Vårherre i prologen den arbeidshypotese som mennesket Faust skal prøve utover i verket. For det begynner i himmelen, på høgaste plan, og ser ut som eit toppmøte mellom to supermakter, med ei slags opprustning på dagsorden. På trona sit Herren som ein tysk-romersk keisar, omgitt av sine kurfyrstar erkeenglane og andre, lågare vasallar, mellom desse Mefistofeles, i røynda altså også underlagt Guds allmektige herredømme, namngitt og nøytralisert, ein slu og vittig fyr som trur han kan overliste både Skaparen og Hans fremste skapning. Men i denne drakampen om mennesket er utfallet gitt på førehand, Djevelen veit berre ikkje at han kjem til kort, og set i gang sitt undergravingsarbeid på flekken, straks han har innhenta løyve frå høgaste hald.

Når teppet går opp på den jordiske scene, er det svart natt, konkret og symbolsk. Den lærde doktor er inne i ei alvorleg krise, studérkammeret kjennest som eit fengsel, han er djupt utifreds med all sin kunnskap og sitt ulevde liv, og blir så desperat at han er villig til å vende vitenskapen ryggen og gi seg magien i vald. Men den Jordånd han manar fram i sitt første forsøk blir for mektig for han, og i si avmakt grip han til giftflaska og hyllet døden, den dunkle rus, den einaste utveg.

Da skjer det: klokker kimer og eit kor av englar forkynner at Krist er opstanden, – i midnattstimen, slik ennå skikken er i sydlige land. Ein påskemorgon gryr, og Faust får sin barndom tilbake, får livet tilbake. Eit velkjent motiv frå folkediktninga, i slekt med den bergreknene som vender heim når klokkene ringar, lyskretfene som forhindrar den totale undergang.

Men alt går i bølger, alt har sin rytme, det skifter mellom mørke og lys, natt og dag, og årstider kjem og går i eit menneskesinn, og ingen varer lenge. Faust får eit pusterom i påskesøndagsluft og vårsol, hentar ny kraft på vandring med sin vitenskaplege assistent Wagner, som utover dagen irriterer og uroar mest. For Wagner er vegen til himmelen brulagt med

fakta, han har ingen trong til å flyge. Difor blir Faust arter ein gong smerteleg medviten om den djupe kløyving i hans eige sinn:

*To sjeler, akke! har bustad i mitt bryst,  
dei vil gå kvar sin veg og skryr kvarandre...*

Så ønskjer han seg langt, langt bort frå alt, med tryllekappe, helst! Og det går troll i ord, bokstraveleg talt. Ånder og tryllekappe er parat, den svartte puddelen legg ein magisk ring om han, det er like før Mefistofeles grip inn og tilbyrd sine tenester. Alt ser ut som det er vel tilrettelagt, Faust blir nærast utmanøvrert av Djevelens spissfindige utfall og ført til ny fortviling, slik at vegen blir kort til den pakt som skal forandre det meste. Men tilbod og erterørsørsel er alt anna enn samanfalle, viser det seg, og atter er det Djevelen som ikkje er klar over si eiga rolle i eit spel som er større enn han kan ane. Han trur det skal bli ei enkel sak å forføre denne livsfjerne doktoren med saftige banaltretar:

*Støv skal han ete, lysteleg.*

Faust, derimot, stiller heilt andre krav. Visst vil han prøve alt og leve livet, men han vil ikkje slå seg til ro, han vil kjemne hungert og ikkje bli met, han vil vere på veg men aldri kome fram. Mefistofeles må avstå frå hans sjel, så lenge han lever med denne uro. Berre viss han fornektar himmelretningen i sitt eige indre og gir seg over til slapp nyting, er han fortrapt:

*Den dag eg veier til sekundet:  
Å, svele stund, stå stille nå!*

*da går eg like godt til grunne,  
da legg du meg i jern og slåt!*

Men den augneblinken kjem aldri, alle Djevelens forsøk slår feil, frå fyllekallas i Leipzig til sanselige heksekonster på Blocksberg. Kva for ei rolle er det da Mefistofeles spelar, når det kjem til stykket?

Han spelar den rolle han har fått seg tildelt i skaparverket, verken meir eller mindre. «Naturen er eit orgel som Vårherre

spelar på», skriv Goethe i 1815, «og Djevelen trør belgen». Vårherre er ikkje berre organist, han er også komponist, regissør og lysmeister i det kosmiske drama. I Goethes verdensbilde er ikkje gud og djevel to likestilte motkrefter. Riket er eitt og udeleg, trass i Djevelens utrøttelege nedbyrtingsarbeid. Ein evig fredsforstyrar er han, ein opposisjonsleiar med negativt foreteikn, men ein fiende som er med på å konsolidere det regimet han er ein innbitt motstandar av. For i røynda tener han eitt-parti-systemet.

Mefistofeles er innkalkulert i Guds plan, bokstraveleg talt eit nødvendig vonde. Uran han ville skaparverket stragnere og mennesket bli verande i Edens barnehage. Den brusande symfonien ville bli redusert til lutrer englesong og idyll. Han tilbyrd den irriterande disharmonien som hindrar innsovning og gir spenning, utfordring, handling. Slik blir han motpart i ein indre dialog der mennesket heile tida må overprøve seg sjølv, sine kvaliteter, sine grenser.

Djevelen fremmer dei skapande kreftene i tilværet!

Han gjer så vondt han kan, ja visst. Møter godvilje med kynisme, tru med skepsis, kjensler med ironi, ideal med verdi-oppløysing. Han latterleggjer alt det i Faust som vil oppover, høgare, og legg sine snarer med iskald strategi. Uran å vite at den motkraft han sjølv representerer, er for småpirk å rekne i den store samanhengen. At ei større kraft held alt oppe.

Og Guds manifestasjon i den synlege, nære verden, er Gretchen. Trass i alle djevelske forsøk på å vulgarisere det vakraste, opplever Faust kjærleiken, den som går ut over både svik, dom og død. Sjølv er han visseleg ingen elsker av Guds nåde, hans eigen pasjon er flyktig som eit stjerneskot. Men den forløyssande kjærleiks kraft vil bere han gjennom alle mørkerom.

Første gong dei møtest, kjem Gretchen frå skrifte, – med salmebok i spredet, ei søster av Solveig. Når ho litt seinare skal gi han eit innblikk i sitt liv, er det definert av daglegdasse

## Merknader

sylar. Og enda seinare, når Faust tar ein eksistensiell tenke-pause ute i eit månelyst skoglandskap, ser vi Gretchen i tradisjonell positur ved rokken. Men den purunge jenta sprenger seg ut av alle rammer og mognast til sjølvstendig tankeliv, gjennom den lykke og den tragedie ho opplever i møtet med Faust.

Fengselsscenen er ei av dei mest gripande scenar i verdenslitteraturen. Midt i vanvietet syner Gretchen eit klårryn og ein konsekvens som set Fausts feige, korttenkte egoisme i grelt relieff. Når ho skrik ut si djupe fortviling og ser blod på hendene hans, kan han få seg til å seie: «Du tyrer meg!» Porten står open, men ho nekter å flykte, ho vil ta si straff og sone si skuld. I siste instans har Gretchen overgitt seg til ein høgare domstol. Men Faust går utanom, ein bror av Peer Gynt.

Tappt uskuld, barnemord, lenker, bøddel – langt meir enn sørgelege og grufulle ingrediensar i dei skillingssviser Gretchen sjølv fryktar å få som ettermæle blant sensasjonslungrige sjeler. For Goethe var det blodige realitetar, basert på første-hands kjensskap: Som nyutdanna jurist følgde han rettssaka mot Susanna Margaretha Brandt i Frankfurt, ei ung kvinne som vart dømd til døden for barnemord, og avretta – i 1772. Dette gjekk så innpå han at det kom til å gi verket hans ei heilt ny vending. Faust-handlinga vart til Gretchen-tragedien.

1-32: *Tillegging* – modell for Virgjes «Ved Rondane». (Ortrava rimå)

243 ff: *Prolog i himmelen* er Goethes variasjon over eit bibelsk motiv: samtalet mellom Gud og Djevelen i Jobs bok, 1,6–12, særleg v. 8: «La du merke til Job, tenaren min?»

*Mefistofels* heiter djevelen i den første folkebok om Doktor Faustus (1587).

Tydinga av namnet er ukjent.

281: *Den vesle verdensgud*: Eit vanleg uttrykk frå 1500-talet, eigentleg mynta på fyrsten, men etter kvart på mennesket, rett og slett. Her ironisk.

334: *Støv skal han ete* – Jf. 1. Mos. 3,14, der Gud seier til slangen: «På buken skal du krypa, og mold skal du eta alle dine dagar».

344: *min eigen engelskare* – orig. *die echten Götteröhne*, i motsetning til falske englar som Lucifer.

355–57: I middelalderen hadde universiteta desse fire fakultet: filosofi, rettslære, medisin og teologi. Faust kan såleis seie at han har lese «alt».

377: *magi* – var sett på som ein veg til erkjening, og ikkje nødvendigvis av det vonde. Eit verk frå 1599 skil mellom Magia naturalis og Magia daemonica – («kvi» og «svart» magi). Begge desse sidene er representerte utover i verket.

420: *Nostradamus* – fransk astrolog på 1500-talet. Goethe kjende ikkje skriftene hans direkte, og «diktar opp» ei bok om magi.

430: *Makrokosmos*: den store verda – i motsetning til Mikrokosmos, mennesket. Pansoffen («all-visdommen») på 1500- og 1600-talet påviser samanhengar mellom planetar, metall og menneskeorgan (eks. måne-sølv-hjerne) og skapte eit komplekst system av teikn for dette.

461: *Jordånd* – «jord» kan her vere både elementer og planeten. Alle fire elementa hadde sine respektive naturånder, som høyrde inn under «kvi» magi. Denne jordånd framstår som den evig nyskapande kraft i naturen.

518: *arsivient* – orig. *famulus*: lat. «tenar». Goethe overtok også Wagner frå folkeboka om Doktor Faustus, men gjer han til ein pedant, ein parodi på visse sider ved den retoriske åndskulturen i det 16. og 17. årh.



- 558–59: eit klassisk sitat – lat. «aus longa, vita brevis», opphavleg gresk, frå Hippokrates' Aforismer.
- 878: *Sankt Andreas' natt* – 30. november: I folketrua den natta da unge jenter ved hjelp av trolldom kunne sjå sin tilkomande.
- 1021: *monstransen* – orig. «venerabile»): «der ærverdige, opphøgde», nemleg monstransen med natverden, som presten bar med seg til den som låg for døden.
- 1034 ff: *mørkemann* – I dei gamle segner er Faust son av ein bonde. Goethe gjer faren til lege og alkymist, etter modell av Paracelsus på 1500-talet. Det var vanleg å eksperimentere med kjemiske stoff av ulik farge, blande dei i retorter («brunseng») og framstille eit nytt stoff med legande krefter (her: «den unge dronning»).
- 1141: orig. *hypehn englisch* (om vindane) tyder altså ikkje «lespe på engelsk» (!), men kviskre på englevís.
- 1147: Mefistofeles i hundeskapnad – motivet er kjent i tidlege Faust-segner.
- 1177: Studentane heldt hundar, som dei dresserte.
- 1178–1240: Handen knurrar kvar gong Faust nemner Gud, som kjærleik, livsens kjelde, Ordet. Tre gonger – evenyrrets magiske trefal. Også dette er eit velkjent motiv frå folkediktninga: Trollar som lukkar kristensmannsblodi 1224 ff: Joh. 1,1.
- 1258: *Salomonis nøkkel* – *Clavula Salomonis*, ei populær handbok over magiske formlar til å mane bort ånder, populære heilt fram til det 18. årh.
- 1334: *Fluekongen* – hebraisk *Beelzebub*. Jf. Goldings roman «The Lord of the Flies». Alle tre namna på djevelen er henta frå Bibelen.
- 1395: *pentagram* – fern-tagget stjernen, eit velkjent symbol i både antikk, jødisk og kristen skrifttradisjon, i middelalderen eit heilag teken som skulle halde vonde ånder unna. Også kalla «heksefor».
- 1738: Her må ein lese mellom linjene at Faust underskriv med blod, trass i prinsipiell motstand. Men kva som står skrive, får ikkje lesaren vite, og papiret blir heller aldri nemnt – før på slutten av 2. del.
- 1789: Mefistofeles' ironi går både på Fausts høgsterme ordelag og på barokkens tradisjonelle hyllingsdikt.
- 1868 ff: Student-scenen er eit satirisk mellomspel med referansar til universitetsmiljøet slik det var frå 1500-talet og heilt fram til slutten av

- opplysningstida, da Goethe studerte jus i Leipzig (1765–68). Og det er den unge Sturm-und-Drang-diktaren som i Mefistofeles' vittige vendingar viser til åndlaus formalisme, antikkvert metodikk og lite inspirerande forelesingar ...
- 1913: orig. *spanische Stiefel*, som var namnet på eit torturinstrument under inkvisisjonen i Spania.
- 1940: *encheverin naturae* – «naturens handgrep» (gr.). Brukt av Goethes kjemikarar i Strassburg (1770–71), om vitenskapsmenns krav på den heile og fulle sanning.
- 1961: Undervisninga gjekk ut på å kommentere ei lærebok, side for side.
- 2000: *tøddel* – orig. *Jota*, gresk bokstav *ι*, Jf. Matr. 5,18: «Tør himmel og jord forgå, skal ikkje den minste bokstav eller den minste prikk i lova forgå –».
- 2045: *eit ord til minne* – Det var vanleg at studentane felk lærarane sine autografar i ei spesiell bok («Stammbuch»). Dette var også den tids «snutlebevis».
- 2048: *Ervin sicit Deus scienter bonum et malum* – «De skal verta som Gud og kjenna godt og vondt». (lat.) Slangens ord til Eva i 1. Mos. 3,5, der han lokaar til å ete av kunnskapstreet.
- 2052: *Den vesle verda først, den store nest* – Her: den borgarlege verda og staten, føydalsamfunnet.
- 2073 ff: Auerbachs vinkjellar i Leipzig var eit populært treffpunkt for studentar på Goethes tid, og er ein tradisjonell, urtysk restaurant den dag i dag. Veggmaleri frå 1500-talet viser scener frå Faust-segna.
- 2098: *pave* – studentane utnemnde gjernen den til «pave» eller «kongen» som kunne drikke dei andre under bordet.
- 2189: *Rippach* – landsby nær Leipzig. Herr Hans var namnet på Goethes husvert.
- 2392: *tiggarsuppe* – I eit brev til Schiller (1797) refererer Goethe til eit middelmådig samtidstrama som «ei tiggarsuppe, etter det tyske folks smake».
- 2450: den knause krona kan symbolisere monarkiet i Frankrike like før revolusjonen i 1789.
- 2605: *frøken* – «Träulein» var ei tiltaleform reservert for ugifte damer av adelag byrd. Det vanlege var «Jungfer», jomfru.

- 2982-85: *Napoli* – Mefistofeles vil ha det til at herr Schwerdtlein pådrag seg «le mal de Naples», syfilis, som braut ut da franskmennene erobra byen i 1495, og spreidde seg over heile Europa på 1500-talet.
- 3037: *Sancta simplicitas* – «heilage einfelde» (lat.).
- 3217: *Å, høge ånd!* – Jordånd (Erdgeist).
- 3337: *villingbar* – Høgsongen 4,5.: «Din barin er som to rådyrkalvar, som ei hinds tvillingar, beivande mellom liljer». Her er ein levande illustrasjon av ordløker «Slik ein viss mann les Bibelen!» – Goethe har for øvrig omsett store delar av Høgsongen som han kallar «den herlegaste samling kjærleiks-songar Gud har skapt.» (1775)
- 3414: *Hennik* – I segner og folkebøker heiter han Johann Faust. Det er uklårt kvifor Goethe har endra fornamnet til Heinrich. Kanskje fordi han sjølv heitte Johann?
- 3569-70: *knykjobot* – Dei som braut det sjette boder, risikerte offentleg uthenging med påfølgjande bot i «syndarskjørter», på kyrkjegolvet. Einå langt fram på 1700-talet kunne denne lova bli handheva. Juristen Goethe skreiv ein harmdirrande artikkel (1780) for å få dette avskaffa.
- 3575-76: To utbreidde «straffemetodar» for ei brur som ikkje var jomfru. Også i fengselsescenen (v. 4436) sylv Gretchens tankar kring dette med kranzen.
- 3590-95: Variasjon over den latinske hymnen *Stabat mater dolorosa*.
- 3682: Ein av mange Shakespearereminsensar i FAUST. Mefistofeles framfører ein ironisk serenade over motivet i Ophelias vise i 4. akt av *Hamlet*: «Tomorrow is Saint Valentine's day».
- 3699: *rottetangar* – Jf. *Romeo og Julie*, der Mercurio provoserer Julies fetter: «Tybalt, you rat-catcher, will you walk?» Og når Faust flyktar etter draperet på Valentin, er det eit ekko av Romeos flukt etter draperet på Tybalt. – Goethe omsette denne Shakespeareragedien til tysk.
- 3706: *fjærkøsten* – soldatsjargong for kårde.
- 3776 ff: Scenen i domkyrkja er ei messe for Gretchens mor, den liturgiske teksten er ein del av eit rekviem. *Dier inze*: «vredens dag». Den vonde ånd ubroderer teksten i Gretchens indre, og som den gode katolikkk ho er, veit ho at latinen viser til dommedag. Men siste del av rekviem-teksten, med nåde og miskunn, går ho glipp av.

- 3835: *Walpurgisnatt* – natt til 1. mai, Valborgsmesse i Sverige, etter St. Walpurga, priorinne ved klosteret Heidenheim i Franken, død 779. Men i forkristen folkerradisjon er datoen assosiert med både vårferst og heksesabbar på Bloksberg/Brocken, det høgaste fjellet i Harz. Schierke og Elend er to landsbyar ved foren av dette. – Geologen og mineralogen Goethe hadde stige opp på toppen, og skreiv si *Harzreise*, som Heine seinare.
- 3915: *Mammion* – det personifiserte gull, kjent frå NT, mysteriet i midtaldleren, og Milton's *Paradise Lost*, som Goethe las i 1799. Jf. v. 1599.
- 3962: *Bambo* – eit heksenamn.
- 4023: *Jancker Voland* – eit gammal-tysk namn på Djevelen.
- 4119: *Lilith* – Adams legendariske første hustru, som vart til ein demon, ein kvinneleg Satan.
- 4161: *Tegel* – I 1797 gjekk det rykte om at det spøkte i Humboldts slott i Tegel ved Berlin, og ein kommisjon vart sett til å granske dette.
- 4144: *Bakstrevur* – mitt ordspel-namn på Goethes greske påfunn *Proklophanatamint*, ordret «bakende-åndemantar». Innslaget er Goethes litr infame hemn over kritikaren Nicolai, som hadde skrive ein parodi på hans *Werther*. Ein fantasistlaus rasjonalist, men ille plaga av åndesyner.
- 4193: *Medusa* – i gresk mytologi eit uhyre med slangehår. Den ho ser på, blir til stein.
- 4207: *Perceus* – han som halshogde Medusa og flang over hav og land med hovudet hennar.
- 4214: *Servilias* – av lat. *servilis*: «tenar», her ei tenande ånd ved Brocken-teareret.
- 4223 ff: *Walpurgisnattdrømm* – ein tittel som assosierer til Shakespeares *Makdomarnattdrømm*, der Goethe også har henta alvekongen Oberon og hans dronning Titania, saman med Puck, mens Ariel er henta frå *Stormen*. Men der stansar likskapen. Dette mellomspilet inneheld 44 epigram med satiriske utfall mot personar og fenomenen i Goethes samtid – litteratur, filosofi, religion, politikk – og har ingen referansar til Faust og Mefistofeles.
- 4303: *Xenien* – av gr. *xenia*: gjestegåver – tittelen på ei samling epigram som Goethe og Schiller gav ut i fellesskap (1796), satire over samtidslitteraturen, skrivne på antikt verssmål (distichon). *Walpurgisnattdrømm* er ei slags forlenging av denne satiren, eigentleg skriven for Schillers *Musen-*

Grechens gripande bøn framfor Maria-biljet. Dei skiftande strofene speglar eit forpint indre:

Ach neige,  
Du Schmerzenreiche,  
Dein Antlitz gnädig meiner Not!

---  
Wer fühlet,  
Wie wühlet  
Der Schmerz mir im Gebein?

Was mein armes Herz hier banget,  
Was es zittert, was verlangt,  
Weißt nur du, nur du allein!

Eg bed deg:  
Ha medynk med meg!  
Du veit kva sorg er, sjå mi nød!  
---  
Kven kjenner  
vel denne  
mi løynlege gru?

Alt mitt arme hjarta gøyrer,  
alt eg skjelv for, alt eg drøyrer,  
du har sett det, einast du!

\*

Også Fausts heftige uro jagar gjennom knappe, uregelmessige verselinjer med skiftande rimmønster og stavingsstral, ofte såkalla knittelvers – med fire tunge takter –, som i opningsmonologen i den første NATT:

FAUST

Heiße Magister, heiße Doktor gar,  
Und ziehe schon an die zehen Jahr'  
Herauf, herab und quer und krumm  
Meine Schüler an der Nase herum –

Magisterritzel og doktorgrad,  
jo takk! I eit titals år på rad  
har eg leidd studentar att og fram,  
trekt dei etter nasen som andre lam –

\*

Seinare, aleine i SKOG OG GROTTÉ, kjenner han at naturen kan lindre hugverk, og talar i klassiske, rimfrie blankvers:

FAUST

Und steigt vor meinem Blick der reine Mond  
Besänftigend herüber, schweben mir  
Von Felsenwänden, aus dem feuchten Busch  
Der Vorwelt silberne Gestalten auf  
Und lindern der Betrachtung strenge Lust.

Den reine månen møter auga mitt  
og mildnar alt, og ut av klippevegg  
og opp av fuktig forntids-bregneblad  
sviv sølvgrå skuggar fram og døyver lint  
den strenge lyst i det å berre *sia*!

\*

Det er musikk, dette verket. For fullt orkester. Tragisk, komisk; poetisk, ironisk. Og inga omsetjing kan til situande og sist gjengei alle nansar, alle tonar i Goethes mektige musikk...

«Her kjem dei og spør kva det er for ein idé eg har meint å gje kjøt og blod i min Faust. Som om eg visste det sjølv og var i stand til å seie det med reine ord!

*Frå høge himmelvels går ferda  
til helvete, igjennom verda –*

dét ville til nød vere eit slags svar, men det er ingen idé, det er handlingssgangen. Og vidare, dette at Djevelen taper veddemålet og at ein mann vil bli forløynt av di han midt i dei verste villfaringar alltid stundar etter det som er løgare, betre, dét er riktig nok ein god og verksam tanke og forklarar så mangt, men det er ingen idé som ligg til grunn for verket i sin hellskap og den enkelte scene især... Stort sett var det aldri mi vis som poet å ta sikte på å personifisere eit eller anna abstrakt. Eg tok imot ein straum av inntrykk i mitt indre, inntrykk av sanseleg, livskraftig, fargerik, elskeleg art... og som poet hadde eg ikkje synderleg anna å gjere enn å gje *desse* inntrykka ei kunstnarisk avrunda form og bygge vidare på dei...

Å, vis nå endeleg eingong den kurasje å overgje dykk til inntrykka, la dykk rive med, la dykk løfte opp!...»

Goethe til Eckermann, 6. mai 1827

Det Norske Samlaget  
ISBN 82-521-4223-0




2. opplaget

GOETHE • FAUST I

JOHANN WOLFGANG VON GOETHE

# FAUST

Del I



Gjendiktning  
ÅSE-MARIE NESSE  
Samlaget

Samlaget




Foto: Elling Tjønneland

Åse-Marie Nesse er førstemannuensis i tysk litteratur ved Germanistisk institutt, Universitetet i Oslo, og velkjend som forfatter og gjendiktar frå fleire språk.

I 1967 fekk ho Bastianprisen for si første omsetjing, Wolfgang Hildesheimers roman "Tynset". Eit utval tyske dikt frå mellomalderen til vår tid kom i 1990 med tittelen "Over alle tindar". Tre Nobelpris-vinnarar har ho gitt norsk språkdrakt: Nelly Sachs, Pablo Neruda, Octavio Paz.

I 1987 gav ho ut "Johannes-pasjonar", eit ideedrama på blankvers, med kvinneperspektiv på literære mannsmytar.

Her møtest tre menn med same namn: Profeten Johannes, Don Juan - og Johann Faust. Og det opnar med prolog i Himmelen, fritt etter Goethe...

Og nå har Åse-Marie Nesse gjendikta «Faust I» med fullstendig truskap til originalen, med filologisk presisjon og poetisk fantasi.



Oljemaleri av J.H.W. Tischbein

### JOHANN WOLFGANG VON GOETHE (1749-1832)

I si samtid var Goethe først og fremst kjend for brev-romanen "Die Leiden des jungen Werthers" (1774), som skapte den reine Werther-feber over helle Europa.

I ettertida er det nok heller få som kjenner denne boka. Men «Faust» blir ståande, eit verk som ruver i verdslitteraturen og er like friskt, alvorleg, viting, tragisk, poetisk, kort sagt: fengslande, i dag som da det vart skrive med fjørpenn i Goethes hus i Weimar. Da dikteren kom dit i 1775 etter innbyding av hertug Karl August, hadde han alt fleire scener klare. Så tok lenge andre plikter overhand, embetsplikter av praktisk art: Goethe fekk ansvar for sølvgruver, parkanlegg, vegvesen og skattekommisjonen, seinare også hoffteateret. Da var han for lengst blitt geheimråd og opphøgð i adelsstanden. Men i 1788 tok han opp att arbeidet med «Faust», etter Italia-reisa. Ni år etter gjekk han inn i sluttfasen, oppmuntra av Schiller, og i 1808 så «Faust I» dagens lys.